



Kunnskapsdepartementet

Postboks 8119 Dep
0032 OSLO

Dykkar ref.

Vår ref.
2007/41 - 0 - 27267/2009

Saksbehandlar – tilf.
Einar Fanebust - 56 37 52 61

Arkivkode
A20

Dato
18.12.2009

Høyringsuttale - leksehjelp

I SINTEF sin sluttrapport om leksehjelp finn ein fylgjande suksesskriterier:

1. Skolen har et avklart forhold til lekser og hvilken funksjon leksene skal ha.
2. Rekrutteringen av elever til leksehjelp er gjennomtenkt slik at man også når elevene med størst behov for læringsstøtte.
3. Leksehjelpen oppfattes som et tilbud til alle.
4. Forholdet mellom leksehjelp, skole og hjem preges av gjensidig kontakt og tillit.
5. Leksehjelperne er kjent med skolens arbeid og planer.
6. Leksehjelperne besitter god fagkompetanse, didaktisk kompetanse og relasjonell kompetanse.

Med utgangspunkt i disse suksesskriterier synes departementet sine vurderinga å vera urealistiske innafor dei rammene som er definert.

1

SINTEF:

Leksehjelpar må ha god fagkompetanse, didaktisk kompetanse og relasjonell kompetanse.

DEP.:

Ikkje krav til skulefagleg kompetanse i det heile. Leksehjelpar skal lønast som fagarbeidar.

2

SINTEF:

Leksehjelpar er kjend med skulen sitt arbeid og planar.

DEP.:

Ikkje krav om at leksehjelpar skal vera mellom dei tilsette i skulen.

Kommentar:

Departementet er opptekne av å redusera ”tidstjuvar i opplæringa. I høyringsdokumentet vert det lagt vekt på at det må vera gode samarbeidsformer mellom skule og leksehjelpsordning og god tilknytning mellom skulearbeid og leksehjelp. Dette vil krevja omfattande tid og vil ta enno meir tid bort frå arbeid med dagleg undervisning. Ordninga skal leiast av rektor som gjennom dette får ansvar for å kalla inn og leia fleire møte. Dersom leksehjelpar ikkje er ein av dei tilsette på skulen, vil det ta svært mykje tid og mange møte for å halda dei oppdatert om skulen sitt arbeid og skulen sine planar (SINTEF pkt. 5)

3

DEP./SINTEF:

Tilbod til alle (1. – 4.) med særleg vekt på tilbod til svake elevar/elevar med størst behov for læringsstøtte.

Kommentar:

Det er ikkje knytt skysstilbod opp til ordninga. Utanfor byar og bynære strøk vil det i liten grad vera rutetilbod som kan nyttast. Manglande skysstilbod vil truleg vera ein stor hindringsfaktor for å nytta seg av tilbod, kanskje særleg for hovudmålgruppa som i hovudsak har foreldre med lite utdanning og dårleg økonomi.

4

LÆRINGSRESULTAT- ALTERNATIVE TILTAK

Når leksehjelp vert utført av ikkje faglært personale, sjølv om det vert nytta mykje tid til samarbeid med lærar, vil leksehjelpa i stor grad verta ”meir av det same”, truleg med dårlegare kvalitet enn det som vert gjeve i ordinær skuletid. Dei svake elevane/elevar med størst behov for læringsstøtte har ikkje fått godt nok utbytte av den ordinære undervisninga og det er liten grunn til å tru at ”meir av det same” med dårlegare kvalitet vil gje auka læringsutbytte. I TV-serien Blanke ark vart det nytta alternative opplæringstilbod til elevar med stort behov for læringsstøtte. Dette gav gode læringsresultat. Dersom kommunane evt. fleire kommunar i samarbeid fekk ressursar til å engasjera ein reiselærar med relevant kompetanse, kan ein kanskje innafor ordinær undervisningstid gje dei elevane som treng det, ekstra læringsstøtte.

Med helsing

Kåre Jordal
ass. rådmann

Einar Fanebust
Rådgjevar